

# Osterøy videregående skole

## Innrapportering for 2023



Virksomheten sertifiseres etter følgende kriterier:

*Felleskriterier, kommunal og fylkeskommunal, Kantine, Videregående skole / folkehøgskole*

Sertifikat 🌟

**Type:** 3-årig

**Utstedt:** 25 jun., 2021


**Utløper:** 25 jun., 2024

# ★ Omsetning og årsverk


---

## Antall årsverk for rapporteringsåret

↑ 15% fra 2022




## Antall elever og ansatte




# ★ Innkjøp

## Prosentandel økologiske varer



## Antall miljømerkede produkter




### Kommentarer


Etter at vi har vore med på kantineprosjektet i regi av VLFK og Matvalget, har vi hatt stort fokus på innkjøp av økologiske varer. Samtidig håper vi at utvalget av økologiske varer er meir tilgjengeleg hjå leverandør. Dette har vore eit problem tidlegare, at vi har bestilt økologisk men leverandøren ikkje kan levere. Dette er ein del av forklaringa på lav prosent på økologiske varer, og vi har tru på, og kan allereie sjå at dette talet vil vere betrakteleg større framover.

# Avfall og ombruk


## Sorteringsgrad



## Totalt avfall



## Avfallsmengder per avfallskategori




### Kommentarer

Det at vi berre hadde ei måling, på ei veke, gjer at vi ikkje har eit godt grunnlag for gjennomsnitteleg tall på matsvinn i løpet av eit heil år. Men vi har som mål å få gjennomført fleire målingar i 2024.

# ⚡ Energi


## Energiforbruk






# Transport


## Drivstofforbruk, totalt



## Antall kjørte kilometer



## Flyreiser




### Kommentarer

Vi har ikkje hatt tilgang til å lese av km stand på skulen sin minibuss, då denne har hatt motorhavari og stått på verkstad store delar av 2024.

# ⚡ Klimaregnskap

## Klimagassutslipp totalt

↑ 19% fra 2022



## Gjennomførte tiltak

---

### **Innkjøp**

Vi er pliktige til å følge gjeldende innkjøpsavtaler i VLFK.

Gjennom deltaking i kantineprosjektet, i samarbeid med VLFK og Matvalget, har vi auka fokus på innkjøp av økologiske matvarer, redusert bruk av prosessert mat og laga meir mat frå bunnen av ved innkjøp av reine råvarer.

### **Avfall og ombruk**

Vi nyttar kjeldesortering her på skulen, i kantinekjøkken, fellesareal og i undervisningsareal (verkstad). Vi sorterar papir/papp, industriplast, glass og metall, elektrisk avfall og kjemikalier. Farleg avfall som batteri vert levert til lokalt returpunkt. Vi har avtale med leverandør på renovasjon om henting av metallavfall og kjemikalier

Så langt som råd ønsker vi å tenke ombruk før noko blir kasta eller kjøpt inn. Sofaer, stolar og krakkar som har vore utslitt og fått hol i stoffet, har vi valgt å trekke om og gje nytt liv, istadenfor å kaste og kjøpe nytt. Vi nyttar lokal aktør til dette.

### **Energi**

All bruk av energi er sentralstyrt med termostat og sensorar. Temperaturar blir senka på nattestid, ved planlagt fråvær og i feriar. Planlagt fråvær av skuleklassar vart lagt inn i årshjulet, dermed kunne driftsleiar redusere varme/energibruk i dei aktuelle romma.

### **Transport**

Skulen sine elevar følgjer i stor grad kollektiv transport. På grunn av dårleg tilrettelegging for sykkel og dårleg vegstandard oppmodar me framleis ikkje til å sykla til skulen. Mange tilsette køyrer EL-bil og me har til saman 10 ladepunkt. Skulen har EL- bil og ein minibuss.

### **Naturmangfold og arealbruk**

Mesteparten av uteområdet på skulen er asfaltert, men det er laga til med sitjebenkar og plass til basketball, sjakk og bordtennis. Vi har ein liten uteplass i skogen bak skulen med benkar og bålpanne. Elles er vi heldige og har tilgang til eit flott kommunalt friluftsområde rundt eit vatn like bak skulen. Denne plassen nyttar vi på mellom anna aktivitetsdagar, til triatlon, til båt og bading om vår/sommar og til skøyter om vinteren.